

Eidsvollsmann

Eivind Torkjelson Lande

1759 — 1833.

Avdukingsforedrag

— 17. mai 1914 —

av

Eivind N. Bygland.

Johanssen & Tangens prenteverk. — Kristiansand S.

Sæbyggar!

I 1814 høyrde bygderne her til eit amt, som heitte Raabygdelen. Det var umlag Bykle, Valle, Bygland, Aaseral, Hornnes, Evje, Iveland, Vegusdal, Mykland, Little-Tovdal, Aamlid og Gjøvdal.

Fraa dette amtet vart 3 utsendingar valde til riksmotet paa Eidsvoll. Det var skrivars Bryn, lensmann Olav Tveiten fraa Valle og bonden Eivind Torkjelson Laerde.

Eivind Torkjelson er fødd i Aasen 1ste januar 1759, og han vart boren til daapen same dag.

Det var smaat for foreldri hans, og so snart Eivind vart so stor, han kunde gjæta, laut han burt aa tena Soleis gjætte han paa Skreland i Bygland. Ein dag han gjætte uppi Skrelandsfjellet, gjorde han eit karsstykke, so folk kom til tru, det maatte verta gasta kar av guten.

I Skrelandsfjellet er mange tor — den eine ovanfor den andre. Sune stader er torne so smale, at det er stygt for storfe. Buskapen gjekk i Nauteto. Daa saag Eivind eitkvart svart, som tusla i eit bjørkeholt tert utpaa kanten avtoi. Han tenkte, det var den svarte kalven og sprang til vilde venda han. Han hadde ein lurk i handi og slo til. Men det var nok ingen kalv, men ein bjørn, og bjørnen for rull um rull ned i Gopleto.

Straks han hadde sloppa fram for presten, reiste han austyver paa arbeid. Han heldt seg helst i Telemarki. Han tente fleire sumrar i Aamotsdal. I Hitterdal tente han og. Fyrste sumaren, han kom aat Aamotsdal, leid han vondt aa faa tenesta, avdi han var so liten av volkster, at folk trudde inkje, han kunne slaa. Sveinung, bror hans, hadde tent i Aamotsdal fyrr, og so fortalte han, at han var bror til

Sveinung Aasen. Men daa fekk han bygt seg straks. "Du kann sagte slaa, um du er liten, si' du er bror hans Sveinung Aasen", sa dei.

Ein vinter, han vilde heim att, vart han sjuk um notti i Fyrisdal. Dei var fleire i sellskap; men dei reiste frå han alle, so nær som Aanund Austegarden frå Aaserål. Daa det leid paa dagen, vart han frisk att, og dei tok paa heidi — tok ei beinleid og kom fyre dei andre heim. Sidan var dei som bror, solenge dei liyde — Aanund og Eivind.

Um vintrarne arbeidde han mykje med sjøkanten. Han var soleis fleire vintrar i Skien paa skipsarbeid. Men lönene var smaa, so det var kje mykje han hadde til beste, naar han kom heim. I 1781 kom han berande heim med ein bibel og ei haly-funna rug. Det var alt han hadde att av vintre-loni.

Men um han inkje samla seg mykje medel, so samla han seg kunnskap paa desse ferdene sine. Det var nett i dei bygderne, han ferdast, der missnogjen med landsens styring var storst, og her grodde fram den fridomshugen, som Kristian Lofthus vart talsmann for.

Landsens styring og framferdi aat dei danske embettes-menn vart dryft mann og mann imillom i desse bygder. Desse tankar sette kyeik i den unge, evnerike guten, so han arbeidde seg fram til ein upplyst, viljesterk ungdom, som stod langt framum sambygdingarne sine.

Eivind var medels hog, tjukk og tett vaksen og andlits-ven. Han var fullt sterkt og ein nerka kar. Til aa renna paa ski var han makelaus. Ein gong han kom austantil, gjekk han paa ski og bar ein rokk paa ryggen. Han kom som ein fjukande fugl ned av lidi — ned Aas-skotet. Daa han kom ned paa skilje-moen ramm han i ring tri gonger, fyrr han stana. Han var utifraa god spelemann au.

Eigaren til øvre Lande het Tor. Han var gift two gonger. Etter fyreste kona hadde han bare ei gjenta, som heitte Gyro. Tor hadde gift seg att med Ragnhild Hørverak.

Eivind fridde til Gyro Torsdotter, og ho lika han so utifraa, at ho paa harde livet vilde hava han. Men Tor Lande lika inkje, at dotter hans gifte seg med ein laus-kar or Aasen. Han vart vond, berre dei tala um Eivind. So

ein dag fekk Eivind bror sin med seg ned til Lande. Han skulde sitja inne og røda med gamlingen, men Eivind fekk koma avstad med Gyro.

Men Ragnhild skyna kva var tids, og kom etter og vilde ~~fas~~ henne ned att.

Men Gyro svara: "Gaa du ned att til kallen din!"

Um dette hende er det nokre gamle stev, som luar so:

"Daa Gyro kom unde Bakke-aasen,

Aa hei! sa Gyro, no ser eg Aasen.

No ser eg upp til Eivind min;

men gakk du ned att til kallen din".

Far hennar kom ogso etter og ropa paa henne; men ho svara:

"Eg spor 'kje' deg, for du spurd 'kje' mog,
daa du gjekk til Horverak gifta deg".

Tor han svirra, som han var galen,
han Reid til Evje den andre dagen.

"Hundra dale og dennehesten
det skal eg gjeve deg Evje-presten,
og dertil slengjer eg fire naut.
kann du gjere dotter mi arvelaus".

Men Evje-presten han visste bare,
han vil' 'kje gjenta so ille gjere.
"Um eg fekk besten og fire te',
so kann' eg inkje gjer' arvesvik".

So laut Tor gjeva seg, og uppe i Aasen heldt Gyro og Eivind brudlaup 2. juli 1788.

Dei fyrste aari budde dei i Aasen, men so var det two gauale i Tjyvianeact, som gav seg til dei ~~med~~ gaud og alt dei satte. Daa flytte dei att Neset. Her budde dei so i fleire aar, til Tor Lande let det fra garden sin. Han hadde blikkast no, Tor, og gav seg i follog til Eivind, som no kalla seg Eivind Lande.

Daa Eivind hadde fenge garden av Tor, var det ein farbror til Gyro opp i Hovstad, som stemnde paa Lande og ~~wilde~~ hake garden etter edel. Odelsin i var noko uktazar i den tid, um kven som hadde beste rett enten datter aet gardmannen eller farbror. Men enden paa visa vart, at

Eivind sat med garden; men han vart gruveleg sinna paa denne farbrorretten.

Eivind var, som eg fyrr hev nemnt, ein klok, og etter den tid aa vera, ein godt laerd bonde. Han hadde soleis mykje lovkunskap og skreiv ei ven handakrift. Han var snartenkt og snappsinna. Han gjekk lite etter andre, men gjorde seg sjølv meininger um dei ymse ting. Han var strid og stod støygt paa det, han trudde var rett, og gav seg aldri, um dei saa trødde han.

Daa han vart vald til utsending til riksmøtet paa Eidsvoll i 1814, var han ein medaldra mann, 55 aar. Han hadde flest royster etter skrivars Bryn, og møtte soleis som 2dre representant frå Raabygdelag.

Paa riksmøtet vart han ein av dei faa "kjemisk" reine bonderne — ein av dei 15. For naar ein inkje rekñar klokkarar, sersjantar og lensmenn med, var det berre 15 bonder, som møtte paa Eidsvoll.

Det Eivind Lande serleg lagde seg i selen for paa Eidsvoll, var det som galdt bonden og landsbygderne. Soleis daa det skulde tilmaataast og setjast fast, kor stor part av stortingsmennene bygderne skulde velja, stod han saman med Teis Lundgaard, og dei heldt kvar sin tale til bate for landsbygderne.

Men det han arbeidde allermest for, var odels- og aasætesretten.

Saman med Olav Tveiten, Evenstad, Elling Valbæ, Regelstad og Tolleiv Olson Huvestad skreiv han eit make-laust godt innlegg for odels- og aasætesretten.

Dei heldt her fram, korleis odelsretten hadde vore eit vern for den norske bonde og heile det norake folk, se nordmennene inkje hadde ligg ned i dei trelekaar, som folki i andre land i den tid. Men den dansk-norske styringi hadde rikla og rukla med odelretten, so at etter det siste brigde i 1811, var det berre namnet som vart att. Men hadde odelretten i namnet, men inkje i gagnet. Taksterne vart skruva opp til reine spekulaasjonspriar, so det vart raadhuset for den odelborne aa loysa eigedomar. I dette inndelget gløynde han helder inkje na aviva "farbrorretten".

Dei kravde, at odels- og aasætesretten skulde gjelda slik, som han var fyre 1811.

Baade i og utanfor riksmøti arbeidde han for tankarne sine um desse ting. Provst Schmidt skriv umlag slik um Elvind Lande i dagboki si:

"Eivind Lande hev plaga alle juristar og serleg Diriks med aa faa burt "farborretten". Um dette dikta eg denne vise :

Med Even Landes farborret,
vi har vor fulde hyre,
og Diriks er alt af den mæt,
men skal nok rumlen styre.
Han lander ei, hvor Lande boer,
han sander ei, hvad Lande troer.
Han lider ei den "farborret",
men kalder den uhyre."

Det er naturlegt, at vakne bønder gjorde det dei kunde for odelsretten. Med serretter — privilegier — og innskrenningar, skattar og tyngslor paa so mange vis, tottest den dansk-norske styringi plent leggja vinn paa aa arna ut bonden. Odelsretten var i den tid det einaste vern for den norske bonde — det einaste som heldt att, so dei inkje reint kom til siga ned i trælekaar.

Den norske bonde vart utpint økonomisk, men odels- og aasætesretten gjorde, at dei daa likevel var frie menn paa ein maate. Hadde inkje odelsretten vore, hadde truleg det norske bondefolk vorte eit folk av leiglendingar og husmenn.

Baade militære og civile embettesmenn studde bonden i dette kravet um odels- og aasætesretten. Embettesmennene sang ned paa bonden, daa som no, men likevel var det paa bonden, dei byggde landet si framtid: Bonden skulle bera landet uppe økonomisk, og bonden skulde verja landet. At det var ~~odelsretten~~ som hadde halde bonden opp, var dei samde med bondene um. Sume embettesmenn hørte venne lovord ~~um~~ bondene. Dei norske bønder var ~~um~~ adelameun ~~an rettar~~ mot bondene i andre land, og dei norske bondegutter var dei bare soldater i verdt —

Som me veit, sørde offendingane paa riksmøtet seg i

flokkar eller parti. Der var fridomsflokkene med skrivær Magnus Falsen til forar. Der var svenske-flokkene med greiven Wedel-Jarlsberg til forar, og så mindre flokkar. Der vart brukt ei umaaateleg innspiking til desse parti. Dei brukte skrämslor og lokking og drainmar for å få ein og annan med seg. Eivind Lande let seg korkje lokka eller skräma. Han batt seg inkje til noko parti. Han stod fritt. Han var fridomsmann heilt igjenom, og i fridomsflokkene hørde han heime, og med den flokken roysta han og, naar det galdt noko for landet og bonden. For han var bondebate og landsbate eitt. — — —

17. mai var truleg den heitaste dag i heile riksmøtet. Daa skulde det avgjerast, om dei skulde velja konge med det same, og kven dei skulde velja. Svenskeflokkene vilde setja ut kongevalet; men fridomsflokkene vilde velja straks. Daa laa Eivind Landes votum slik:

"Eg er inkje send ut med tvil, men med greid fullmagt um aa velja prins Christian Frederik, no Norigs regent, til Norigs konge".

Vidare er aa fortelja um Eivind Lande, at han var ein dugande gardbrukar. Attaat gardarne Øvre Lande og Tjyvis-Neset, som han hadde fyrr, kaupte han Nevisgjordet, so han hadde tri gardar. Han vart ein velhalden mann. Til Lande samla han mykje lunnende. Han kaupte slaatte-teigar or Austmann-mark og lagde til garden.

Umframt gardsarbeid dreiv han med smiing. Han var so god til aa smida. Han gjorde seg eit "dampfyr" av jarn til aa tenda pipa med. Tobakken, han brukte, turka han paa badstogpallen og nöl det paa fossekverni.

Han var også timber-merkar. Den første i Sætisdal og lenge også den eldste. Han kaupte for Ole Clasen Morech elder Klaus Mørk, som folk sa i Sætisdal

Morech var også Eidavollsmann; so dei var godt kjende. Ein gang vart dei usams. Naar Eivind skulle meikja um hausten, reiste han ned til Kristiansand til Morech. Daa kaupte han jamt 12 tønner rug. Han koyrde det heim ut etter vinteren. Men ein vinter steg rugen. Daa ville

Mørch haya meir **ein um** hausten. Dette vart Eivind **sinna** for og flidde Mørch att merkegreidorne; "Eg merker inkje ein stokk meir for deg, naar du er 'kje annleis til mann'. Naar Eivind sidan var i byen, vilde Mørch faa hau inn; men Eivind sa, dei ha' inkje noko aa tala'nn.

Men so kom det mange bønder til byen og vilde faa varor av Mørch paa last. "Ja, kann de faa Eivind Lande til merka, so skal de faa varor", svara Mørch. Bønderne la seg daa med bon paa Eivind, og so merkte han att nokre aar for Mørch. Det var eit mangslunge arbeid aa vera merkar i den tid. Fyrst kaupte han lasti og merkte henne, og sidan flota dei henne ut Ottra. Eivind leigde sjølv folk og styrde flottingi. Han vilde berre haya dei sprækaste kararne med seg til dette. Paal Skjævrak var jamt med han i "fossann".

"Ein sunnar me var i Valle og flotan", fortalte Paal Skjævrak, "hadde det samla seg so mange Valldøler utanfor stoga, me laag i ein sundags morgon. Dei heldt slikt leven, at me inkje fekk sova. "Gaa ut og jag' dei vekk!" sa Eivind til meg. "Nei, gakk du!" svara eg. So reiste Eivind ut. Daa han kom inn att, fortalte han, at det var 'kje for aa halda leven, dei hadde kome; men dei vilde prøvast med "fosskararne", avdi dei hadde hoyrt, at det var so spræke karar. "Eg kasta den beste av dei tri gonger, so det skvatt i han", sa Eivind. — — —

Her var ein skrivarsom heitte Kjorbo. Han hadde **fuska** med noko medel, som hoyrde til nokre umyndige i Iveland. Daa **fekk** dei Eivind Lande til aa **ta** **saki** for seg mot skrivaren. Folk talde han fraa. "Du vert av med alt, du eig, og so **faer** du straff **attpaa**", sagde dei. Men Eivind **attra** **sog** inkje. Han forde saki og vann: **Skrivaren** **vart** **avsett**.

Olav Austegarden fortalte: "Eg var paa Rygland paa **et** **torhø** paa skrivars Kjorbo. Det töfest zau inn paa Eivind dag, avdi det var ei enkje som gjekk fraa at ho hadde fenge Eivind til aa **føre** **saki**. Um natt laag me ihop paa prestegarden, Eivind og eg; men med det same

me la oss, sov han som ein stein. Ha' det vore eg, ha' eg
inkje fenge blund paa augo".

— Slik var han: stød og ubøygjeleg naar han visste,
han havde rett.

Um han høver stevet:

"Eg ottast aldri før nokon ein,
men gjeng den beinaste veg eg veit".

Han fylgte godt med um landsens styr og stell so
lunge han levde. Ved stortingsvalet i 1818 var han 2dre
varamann og i 1821 1ste varamann.

Paa sine gamle dagar høyrde han tale um, at dei
tenkte paa aa rukla med odelslovi att. Daa skreiv han,
saman med Gunstein Frøyak, eit innlegg mot aa brigda
lovi og sendte det til stortinget.

— Han var ein godhjarta og hjelksam mann, som
samla seg mange vener rundt ikring i bygderne. Han tok
vel imot alle, som kom til han, og sumetider laga han til
store gjestebod og bad til seg folk baade austantil og vest-
antil. Han var so svær ein gjestebodsmann. Han spela i
70 brudlaup.

Han døydde 9de og vart jorda 17de mai 1833 — 74
aar gammal.

Lat so duken falla
og steinen standa
til ævors tid til minne um
Eidsvollsmannen Eivind Torkjelson Lande!

Kantate

ved

avdukingi av hauastenein for eidsyollsmannen Eivind Torkjelson Lande paa Aardal kyrkjegard 17. mai 1914.

I.

Som; Nr. 63 i Landstads salmebok

HERRE, du som solir slokkjer
og held jordi i di hand,
du, som liv av daude vekkjer,
reiser folk og varnar land:
Takk for fridoms ljose kaar!
Hjælp oss næste hundra aar!

Du som folke-englar sender
kring med sverd og eld i hand!
millionar tankar vender
som du vil, fraa strand til strand:
Sjaa til Norig blidlegt ned!
Unn oss fridom! Gjev oss fred!

Gjev oss visdom til aa tyda
tidar-teikni du oss gav!
Gjev oss hjarta til aa lyda
dine ord og dine krav!
Og unn heilt me inkje vil,
ver oss naædig! Gjer oss til!

Sore faaarar frugar lande.
Hjælp oss, naar det leitar paa!
Hjælp oss ut av naud og vande,
du som hev den rike raad!
Ber oss høgt paa orne-veng
fram, der livsens-vegen gjeng!

Du, som konge-hjarto formar,
du, som styrer Sagas hand:
Hjælp oss i dei store stormar,
naar det skjelv baar folk og land!
At me maa til evig tid
alltid lova magti di!

II.

Som Sivles: Og no er det dag —

Me samlast til fest, me samlast idag
for fridomens hundra aar,
daa gjævingar sat paa Eidsvoll ilag
og forma vaar fridoms kaar.
Dei trygde vaart land med lovi til grunn,
dei bygde vaart land med penn og med munn,
dei skapte eit verk so stort, at det staar
der livsfriskt i hundra aar!

Det skifte med aaringar upp og ned.
Det skifte med menn paa stol.
Det skifte med krig — men oftast med
fred, —
det skifte med regn og sol:
men vokster der var i grunnlovi god,
som eiki ho sterk og grønkande stod,
ho rotte seg djupt, ho breidde seg ut
med skugge for moy og gut.

Der flaksar ei skjor fraa hus og til hus.
„Er slikt noko festa for,
um Eivind fraa Lande til det var fus
og austef til Eidsvoll foor?
— Eit mote, — so menn, det er her so tida.
Der skravlar dei høgt, der hoggast dei stridt.
Eg var paa eit mote i Kraake-by,
der skrata me høgt i sky!“

Daa rister ho vengen den gamle ørn
og krøkjer si kvæsse klo:
„Var du paa eit mote? Stod du ein torn?
Jan skjor, idag er du god!
So stort hev du aldri drøymt i ditt liv,
at hønde vaart *Norig*, i hugen deg sviv!
For foda du lyk baa *til* og ifraa,
for fridom — kva gjer du daa?“

Jau Stein er han verd den gjæve mann,
som motte paa Eidsvolls verk.
Me ærar oss sjølv, naar me ærar han.
hans yrkje gav lande verk.
Og han Eivind Torkjelson Lande stod
i fridomstflokken med eldhug og glod.
Ein bonde so var han — ein dole-mann
og di — eit hurra for han!*

III.

Son: Ja vi elsker.

(Merknad: Tvitak i songi)

Iste vers vilje o. 2dee stande. 3dje kjære)

Framgangsvegen ligg i myrkje,
men vaar sak er greid.
Tru og vilje det gjev styrke,
dei gjev ljós um leid:
Trui paa, at det kan nytte
naa dei hogste maal,
denne tru i borg og hytte
legg i viljen staal.

Ljose aander kring oss vaktar,
dei er med idag,
dei um alle groar aktar,
som hev Ijosens lag.
I sit liv dei elskar lande
og sitt bedste gav:
Difor no me frie stande
her paa deira grav.

— Vil du *alt* for heimen gjeva,
gull og liv og blod,
vil do *det*, so maa du leva
trygg i heimen god!
soleis lyder sagas lære
heilt til siste blad.
Skal me lova dette, kjere,
i vaar systkin-rad?

Gunnar Rysstad.